



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg:	AU i verneområdestyret for SVR
Møtested:	Teams
Dato:	22.12.2020
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 90505902. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
--------------------	---------

AU 38/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 39/20	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 40/20	Orienteringssaker
AU 41/20	Innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av tenester av SNO 2021
AU 42/20	Eventuelt

AU 38/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

**AU 39/20 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen
saman med styreleiar**

AU 40/20 Orienteringssaker



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2020/9084-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 18.12.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	41/20	22.12.2020

Innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av tenester av SNO 2021

Forvalters innstilling

I tråd med saksutgreiinga, melder AU i Verneområdestyret for SVR inn følgjande behov for tiltaksmidlar og bestilling av tenester av SNO for 2021.

Tiltaksmidlar:

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtselstiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåttevær, Vidmyr	Vidmyr NR/Bykle	40.000
2.	Skjøtsel slåttevær, Store-Hisdal	Hisdal NR/Bykle	15.000
3.	Skjøtsel slåttevær, Stovo	Dyraheio/Suldal	25.000
4.	Skjøtsel slåttevær, Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	25.000
5.	Skjøtsel slåttevær, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	40.000
6.	Rydding slåttevær, Jonstøl	Dyraheio/Suldal	20.000
7.	Evaluering av skjøtselstiltak	Stovo og Mån	30.000
8.	Brenning av kratt ved Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	30.000
<i>Sum pågåande skjøtselstiltak</i>			225.000

Andre tiltak

9.	Modellering av løypenett Øyuvsbu	SVR/Valle	45.000
10.	Rydding av søppel langs stien til Kjerag	Frafjordheiane/Sandnes	20.000
11.	Utbetring av ferdselsveg, Storådalen	Lusaheia/Hjelmeland	50.000
12.	Rydding av ferdselsvegar, Kvildalsdalen	Dyraheio/Suldal	20.000
13.	Rydding av ferdselsvegar, Prostøldalen	Dyraheio/Suldal	20.000
<i>Sum andre tiltak</i>			155.000

Tilretteleggings- og informasjonstiltak på innfallsportar

14.	Prosjektering av dagsturhytte, Hovdenuten	SVR/Bykle	50.000
-----	---	-----------	--------



15. Toalettbygg Kleivaland	Vo.heia/Hjelmeland	125.000
16. Informasjonsskilt på Knaben	SVR/Kvinesdal	80.000
17. Informasjonsskilt Langeid	SVR/Bygland	60.000
18. Informasjonsskilt Hunnedalen	Frafjordheiane/Gjesdal	60.000
19. Flytting toalettbygg Høgaleite	Frafjordheiane/Gjesdal	25.000
20. Oppgradering toalettbygg Hunned.	Frafjordheiane/Gjesdal	30.000
21. Oppgradering tursti Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	50.000
22. Infoformasjonsskilt Ljosland	SVR/Åseral	60.000
23. Infoformasjonsskilt Bortelid	SVR/Åseral	60.000
24. Informasjonsskilt Skjerkevatn	SVR/Åseral	30.000
25. Klopplugging av sti mot Skrivarknuten	SVR/Åseral	50.000
26. Villreininformasjon på Haukeliseter		30.000
<i>Sum tiltak på innfallsportar</i>		710.000

Tiltak på stiar med særleg store slitasjeproblem

27. Statusrapport for stisegment med særleg stor slitasje	Alle	20.000
<i>Sum tiltak på stiar</i>		20.000

Total sum **1.110.000**

Tiltak som ikkje blir prioritert

28. Utbetring ferdselsveg, Glommedalen	Lusaheia/Hjelmeland	80.000
29. Toalettbygg Eikeskog	Frafjordh./Gjesdal	300.000
30. Rydding av kulturlandskap i Store Hisdal	SVR/Bykle	15.000
31. Informasjonsskilt ved Øvre Moen	Dyraheio/Suldal	40.000
32. Elektronisk infotavle på Nesflaten	Dyraheio/Suldal	80.000
33. Kartbrosjyre verneområda i Hjelmeland	Lusaheia/Vormedalsheia	10.000

Total sum **525.000**

Tenester frå SNO:

Oppdrag Verneområde

Tilsyn/kontroll

Kontroll og registrering av større byggetiltak	Alle
Kontroll av arrangementet Heliboogie ved Kjerag	Frafjordheiane
Kontroll av motorferdsel og oppkøyringstider for Sesilåmi/Hovden Tour	SVR og Hovden
Kontroll av kjentmannsturar	SVR
Kontroll av motorferdsel i sørområdet	
Kontroll av ATV-løyper	SVR

Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)

Oppsetting av nye løveskilt	SVR, Frafjordheiane
Utplassering av bil teljar på anleggsvegen til Skreivasskleivane	Dyraheio

Utplassering av bil teljar på anleggsvegen i Flatstøldalen	SVR
Overvaking og utplassering av bil teljar på anleggsvegen til Sture Urar	SVR
Skaffe oversikt over innsamla ferdselsdata frå ulike aktørar	Alle
Oppsetting av informasjonsskilt i tråd med besøksstrategien	Alle
Ferdselsteljingar i skiløypene til Sloaros og Berdalsbu	SVR, Hovden
Kartlegging/registrering/overvaking (inkludert bevaringsmål)	
Kontroll av status for sårbare rovfugllokalitetar	SVR
Naturvegledning/informasjon	
Orienteringar til verneområdestyret på styremøte	
Delta på verneområdestyret sine synfaringar	
Orienteringar på opne informasjonsmøte	
Deltaking på møte og synfaringar i tilsynsutvala	

Saksopplysninger

Miljødirektoratet har i brev datert 03.11.2020 bedt om at verneområdestyret melder inn behov for tiltaksmidler for 2021. Dette gjeld for alle verneområda verneområdestyret er forvaltningsstyresmakt for. Fristen for innmelding er sett til 10. januar 2021. Det skal meldast inn behov i prioritert rekkefølge og med nettobeløp, dvs. utan mva. Midlar til tiltak i verneområde er løyvt over Statsbudsjettet, budsjettpost 1420.31. Miljødirektoratet tildeler midlane ut frå postføremål og budsjetttrammer, og verneområdestyret skal sjølv disponere og prioritere bruken av midla dei blir tildelt. Miljødirektoratet framhevar at det overordna målet for bruken tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda skal betrast. Det er derfor viktig at tiltak som bedrar tilstanden til verneverdiane blir prioritert høgt. I dokumentet: «Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2020-2025» har derfor Miljødirektoratet lagt opp til at ulike typar tiltak skal prioriterast i denne rekkefølga:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyest blant disse tiltakene
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Tiltak som er ein del av besøksforvaltinga i eit verneområde, skal forankrast i ein eigen besøksstrategi. Besøksstrategien for SVR vart godkjent i desember 2018, og kan brukast som grunnlag for prioritering av tiltak.

Det skal og meldast inn bestilling av tenester som ein ønskjer at lokalt SNO personell skal utføre for verneområdestyret i 2021.

Forvaltningssekretariatet har gjennomført eit bestillingsmøte med SNO 25.11.2020. Her vart det gjennomført ei evaluering av 2020 sesongen og behovet for tilsyns- og kontrollverksemd og bestilling av

ulike feltoppgåver vart drøfta. I tillegg drøfta ein prioritering og praktisk gjennomføring av aktuelle tiltak i 2021.

Vurdering

Innmelding av behov for tiltaksmiddel i 2021

Forvaltningssekretariatet har hatt møter og anna kontakt med fleire kommunar og ulike samarbeidspartnarar om kva vi bør prioriter av tiltak i 2021. Det gjekk og ut eit brev til kommunane kor ein bad om innspel på kva for tiltak frå besøksstrategien som burde gjennomførast dette året. Med bakgrunn i desse innspela, føringar i besøksstrategien og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tiltak vi meiner treng midlar i det komande året. Ettersom Miljødirektoratet sine føringar for prioriteringa av tiltaksmidlar for 2021 var svært tydelege, så har desse og blitt tillagt stor vekt. Dette medfører mellom anna at vi ikkje har prioritert oppstart av nye skjøtelsprosjekt eller tilretteleggingstiltak som ikkje er forankra i besøksstrategien.

2021 blir det tredje året der tiltaka i besøksstrategien skal settast ut i livet, og det andre året der vi legg opp til utarbeiding av informasjonsskilt etter «Merkevaren Norges nasjonalparker». På bakgrunn av innspel frå kommunane vil tiltak på innfallsportane Knaben, Ljosland, Bortelid, Berg og Langeid bli prioritert. I tillegg blir det vidareføring av arbeida med innfallsporten på Hjelmeland og utbetringa av turstien til Hovdenuten. Ei rekke andre informasjonstiltak frå besøksstrategien blir og prioritert. Til saman seks pågåande skjøtelsprosjekt blir vidareført i 2021, og det er lagt opp til ei evaluering av to av desse.

Prioriterte tiltak

1. Skjøtsel av slåttemyr, Vidmyr NR, Bykle kommune

Skjøtelsplan Vidmyr naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført rydding av kratt og slått i 2014 og 2015, samt slått av 10 daa i 2016 og 2017 med motorslåmaskin. I 2018 vart det ikkje slått. I tråd med skjøtelsplanen vart slått utvida til 15 daa i 2019, og det nye arealet vart slått i 2019 og 2020.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 40 000 kr til skjøtsel av slåttemyr på Vidmyr.

2. Skjøtsel av slåttemark, Store-Hisdal, Hisdal NR, Bykle kommune

Skjøtelsplan for Hisdal Naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført slått i 2015-2019. Nye retningslinjer for skjøtselen vart utarbeidd i 2018, og skjøtselen i 2020 vart gjennomført i tråd med desse.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 15 000 kr til denne skjøtsel av slåttemark i Hisdal.

3. Skjøtsel av slåttemyr, Stovo, Dyrhaheio, Suldal kommune

Skjøtelsplan for Stovo er utarbeidd, og rydding av kratt og slått vart gjennomført i 2017-2020 i tråd med denne. Skjøtselen vidareførast i 2021 i samsvar med planen og det vil bli gjennomført ei evaluering.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 25 000 kr til slått på slåttemyra ved Stovo.

4. Skjøtsel av slåttemark, Mån, Frافjordheiane, Gjesdal kommune

Det er utarbeida skjøtselsplan for Mån, og i tråd med denne er det sidan 2014 gjennomført slått av 25 daa slåttemark. Mån har om lag 25.000 besøk i året, og mange har derfor glede av at kulturlandskapet rundt denne fråflytta garden blir haldt i hevd. Det vil bli gjennomført ei evaluering av tiltaket i 2021.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 25 000 kr til slått på Mån.

5. Skjøtsel av slåttevær, Øyastølsmyra, Øyastøl NR, Hjelmeland kommune

Det er utarbeida skjøtselsplan for Øyastølsmyra. Sidan 2012 er det gjennomført rydding av einer og lauvkratt, samt uttak av gran i utkanten av denne rikmyra. I 2015 vart det og gjennomført slått på den gamle slåttevær. I 2016 og 2017 vart det ikkje gjennomført tiltak på grunn av manglande avtaler med grunneigar. Ny avtale er nå på plass og ny myrslått vart gjennomført i 2018, 2019 og 2020. Ei synfaring hausten 2018 viste store oppslag av einstape i områda som var rydda for einer. Det er stort behov for bekjemping av denne og dette tiltaket vart gjennomført i 2019 og 2020. Tiltaket har vist gode resultat og vil bli vidareført i 2021.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40 000 kr til skjøtselen av slåttevær på Øyastøl.

6. Skjøtsel av slåttemark, Jonstøl, Dyråheio, Suldal kommune

Skjøtselsplan for Jonstøl er utarbeidd, og rydding av bjørk og einer kratt er tiltaka som er tilråda. Skjøtselen av området vart starte opp i 2019, og vidareført i 2020 i samsvar med planen. Turisthytta Jonstøl har om lag 2000 besøk i året, og mange har derfor glede av at kulturlandskapet rundt denne stølen blir haldt i hevd.

Sekretariatet foreslår at vi søker om kr. 20 000 til rydding av slåttemarka ved Jonstøl.

7. Evaluering av skjøtseltitaka på Stovo og Mån, Dyråheio og Fråfjordheiane, Suldal og Gjesdal

I tråd med skjøtselsplanane for lokalitetane skal det i 2021 gjennomførast ei evaluering av effekten på skjøtselen. Her vil det bli avklart om skjøtselen skal halde fram, eventuelt justerast eller avsluttast. Eit eksternt konsulentfirma vil bli engasjert til å gjennomføre evalueringa.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30.000 kr til evaluering av skjøtselstiltaka på Stovo og Mån.

8. Brenning av kratt, Mån, Fråfjordheiane, Gjesdal kommune

Jæren friluftsråd har spelt inn behov for brenning av det gamle kulturlandskapet aust for Mån. Området er grodd att med kratt ettersom det er lenge sidan sist brenning. Ei brenning vil være gunstig både for det visuelle inntrykket av landskapet og vil gje betre beite i området. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 30 000.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30.000 kr til brenning av kratt Mån. Miljødirektoratet er i sitt strateginotat klare på at denne type skjøtsel ikkje skal prioriterast for 2021, men tiltaket kan sjåast på som ei utviding av den pågåande skjøtselen på Mån. Dette er og eit tiltak som vil være avgrensa til eit år.

9. Modellering av løypenettet ved Øyuvsbu, SVR, Valle

Flytting av Øyuvsbu turisthytte med tilhøyrande løypenett er eit høgt prioritert tiltak i tilrådinga frå GPS-merkeprosjektet. Tiltaket er også forankra i besøksstrategien for SVR. Verneområdestyret har tidlegare sett ned ei eiga arbeidsgruppe som jobbar med dette. NINA har utvikla modelleringsverktøy som kan anslå effektane av ulike avbøtande tiltak. Resultata vil vera viktige for å kunne kome med tilråding om lokalisering.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 45.000 kr til modellering av løypenettet ved Øyuvsbu.

10. Rydding av søppel langs turstien til Kjerag, Frافjordheiane, Sandnes

Den store folkemengda som besøker Kjerag genererer ein del søppel. Brukarundersøkinga og opplysningar frå SNO og STF tydar på at det tidvis er for mykje søppel langs stien. Det er viktig for dei besøkande si oppleving av området at mengda søppel er så liten som mogleg. Mange aktørar ryddar allereie søppel på Kjerag, men det er behov for både ei betre samordning og ei auke av innsatsen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 20.000 kr til rydding av søppel på Kjerag

11. Utbetring av drifteveg, Storådalen, Lusaheia, Hjelmeland kommune

Deler av driftevegen i Storådalen vart etter Ulla-Førre reguleringa liggjande under vatn i nokre parti. Dette er til ulempe for sauedriftene og vanleg ferdsel i området. Nilsebu sameige har meldt inn at dei ønskjer å mure opp delar av driftevegen på eit særleg utsett parti. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 80.000.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 50.000 kr til utbetring av driftevegen i Storådalen. Ettersom tiltaket er ikkje ein del av besøksstrategien og er det usikkert om at det blir løyvd midlar av Miljødirektoratet.

12. Rydding av ferdsselsvegar, Kvildalsdalen, Dyråheio, Suldal kommune

Grunneigar har spelt inn behov for rydding av gamle ferdsselsvegar frå Kvildalsdalen og opp mot Dyråheio. Mange av vegane er grodd att og er vanskelege å bruke både i høve til sauedrifter og turgåing. Grunneigar har lagt ned eit stort arbeid med slik rydding gjennom fleire år. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 20 000.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 20.000 kr til rydding av ferdsselsvegar frå Kvildalsdalen. Ettersom tiltaket er ikkje ein del av besøksstrategien og er det usikkert om at det blir løyvd midlar av Miljødirektoratet.

13. Rydding av ferdsselsvegar, Prostøl, Dyråheio, Suldal kommune

Grunneigar har spelt inn behov for rydding av gamle ferdsselsvegar i Prostøldalen og inn mot Dyråheio. Mange av vegane er grodd att og er vanskelege å bruke både i høve til sauedrifter og turgåing. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 20 000.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 20.000 kr til rydding av ferdsselsvegar frå Prostøldalen. Ettersom tiltaket er ikkje ein del av besøksstrategien og er det usikkert om at det blir løyvd midlar av Miljødirektoratet.

14. Prosjektering av dagsturhytte på Hovdenuten, SVR, Bykle kommune

Hovdenuten er eit fantastisk utkikkspunkt mot verneområda på både Vestheia og Austheia. Her har SVR i samarbeid med Bykle kommune stått for bygging av steintrapper etter stien mot toppen. Dette arbeidet nærmar seg slutten, og neste trinn er bygging av ei dagsturhytte på toppen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 50 000 kr til arbeidet med planlegging og prosjektering av dagsturhytta på Hovdenuten.

15. Nytt toalettbygg ved Kleivaland, Vormadalsheia, Hjelmeland kommune

Kleivaland er utpekt som startpunkt for Lusaheia og Vormedalsheia i besøksstrategien. Bruken av startpunktene er relativt stor og det har lenge vore behov for ei toalettløsning på stadane. I 2021 legg Hjelmeland kommune derfor opp til å sette opp eit enkelt toalettbygg ved startpunktet. Hjelmeland kommune vil være ansvarleg for drift av toaletta og bygget er kostnadsberekna til kr 250.000,-.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 125 000 kr til toalettbygg ved Kleivaland.

16. Informasjonsskilt ved Knaben, SVR, Kvinesdal

Knaben er utpekt som innfallsport med ulike startpunkt i besøksstrategien. I 2021 legg SVR opp til å sette opp skilt ved to av startpunktene. Det vil være snakk om to mellomstore skilt (2000x750 mm), samt eit vegghengt skilt i ein gapahuk.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 80 000 kr til informasjonsskilt på Knaben.

17. Informasjonsskilt ved Langeid, SVR, Bygland

Langeid er utpekt som innfallsport i besøksstrategien. I 2021 legg SVR opp til å sette opp to skilt på staden. Det vil være snakk om eit stort skilt (2000x950 mm) og eit mellomstort skilt (2000x750 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 60 000 kr til informasjonsskilt på Langeid.

18. Informasjonsskilt ved Høgaleite, Frafjordheiane, Gjesdal

Høgaleite er utpekt som innfallsport i besøksstrategien. I 2021 legg SVR opp til å sette opp to skilt på staden. Det vil være snakk om eit stort skilt (2000x950 mm) og eit mellomstort skilt (2000x750 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 60 000 kr til informasjonsskilt på Høgaleite.

19. Flytting av toalettbygg på Høgaleite, Frafjordheiane, Gjesdal

Toalettbygget på Høgaleite gir vond lukt på parkeringsplassen. Bygget må derfor flyttast. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 50.000,- Tiltakshavar er Jæren friluftsråd.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 25 000 kr til flytting av toalettbygget på Høgaleite.

20. Oppgradering av toalettbygg på Høgaleite og Futasete, Frafjordheiane, Gjesdal, Sirdal

Toalettbygga i Hunnedalen treng ei oppgradering. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 60.000,- Tiltakshavar er Jæren friluftsråd.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til oppgradering av toalettbygga i Hunnedalen.

21. Oppgradering av turstien til Måna fossen, Frafjordheiane, Gjesdal

Det er stor slitasje på turstien på grunn av mykje ferdsel og erosjon frå vatn. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 100.000,- Tiltakshavar er Jæren friluftsråd.

22. Informasjonsskilt på Ljosland, SVR, Åseral

Ljosland er utpekt som innfallsport i besøksstrategien. I 2021 legg SVR opp til å sette opp to skilt på staden. Det vil være snakk om eit stort skilt (2000x950 mm) og eit mellomstort skilt (2000x750 mm). Nøyaktig plassering må avklarast nærare med grunneigarane og kommunen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 60 000 kr til informasjonsskilt på Ljosland.

23. Informasjonsskilt på Bortelid, SVR, Åseral

Bortelid er utpekt som innfallsport i besøksstrategien. I 2021 legg SVR opp til å sette opp to skilt på staden. Det vil være snakk om eit stort skilt (2000x950 mm) og eit mellomstort skilt (2000x750 mm). Nøyaktig plassering må avklarast nærare med grunneigarane og kommunen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 60 000 kr til informasjonsskilt på Bortelid.

24. Informasjonsskilt ved Skjerkevatn, SVR, Åseral

Bortelid er utpekt som eit frittstående informasjonspunkt i besøksstrategien. I 2021 legg SVR opp til å sette opp eit skilt på staden. Det vil være snakk om og eit mellomstort skilt (2000x750 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til informasjonsskilt på Skjerkevatn.

25. Kloppelegging av sti mot Skrivarknuten, Bortelid, SVR, Åseral kommune

Åseral kommune har spelt inn ønske om midlar til kloppelegging av våte parti i stien mot Skrivarknuten. Bortelid er ein innfallsport i besøksstrategien og nemnde tiltak vart tildelt midlar i 2018 og 2019. Tiltaket vil bli slutført i 2021. Tiltaka er kostnadsberekna til kr 100 000.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 50 000 kr til kloppelegging av stien mot Skrivarknuten.

26. Villreininformasjon på Haukeliseter

I samarbeid med Norsk Villreinsenter og Stavanger turistforening ønskjer SVR og utarbeide informasjonsplakatar om villrein på Haukeliseter. Dette er ein svært viktig innfallsport til både SVR og Hardangervidda. Tiltaket inngår i Besøksstrategi for SVR.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til utarbeiding av villreininformasjon på Haukeliseter.

27. Statusrapport for stiselement med særleg stor slitasje, Alle verneområde

I arbeidet med besøksstrategien kom det fram at det var store slitasjeproblem på mange av turistforeiningane sine stiar. Nokre tiltak vart gjennomført i 2019 og 2020, men det er behov for ein betre plan for det vidare arbeidet. STF og DNT-Sør blir engasjert til å lage ein slik rapport med ei oversikt over aktuelle stiselement, samt eit kostnadsoverslag og ei prioriteringsliste.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 20 000 kr til ein slik statusrapport.

Ikkje prioriterte tiltak

28. Utbetring av ferdselsveg i Glommedalen, Hjelmeland

Statnett skal i 2021 rette opp skader på ein ferdselsveg i Glommedalen mellom Lusaheia og Vormedalsheia. Når det først er maskiner på staden har grunneigarane søkt om støtte til utbetring av eit punkt på den gamle ferdselsvegen mellom Bykle og Førre. Dette punktet er til ulempe for sauedriftene og vanleg ferdsel i området. Det arbeidast og med informasjon om denne vegen i regi av Rogaland fylkeskommune.

Ettersom tiltaket er ikkje ein del av besøksstrategien og dreier seg om restaurering av kulturminne, er det lite truleg at det blir løyvd midlar av Miljødirektoratet til dette tiltaket.

29. Nytt toalettbygg på Eikeskog, Frافjordheiane, Gjesdal

Det har lenge vore planlagt eit nytt toalettbygg på parkeringsplassen til Månafossen. Nå har grunneigar tatt over drifta av parkeringsplassen, og har planar om å sette opp eit bygg kor det både vil være plass til toalett, kafeteria og informasjon om verneområde. Jæren friluftsråd har meldt inn behov for kr 300.000,- i 2021 og kr 300.000,- i 2022.

Ettersom ikkje alt er avklart med desse planane og byggestart ikkje vil bli før i 2022, vil ikkje SVR prioritere dette tiltaket i 2021. For 2022 kan det bli aktuelt med tiltaksmidlar til toalettbygg og informasjon.

30. Rydding av kulturlandskap, Store Hisdal, Hisdal naturreservat, Bykle kommune

Grunneigar har spelt inn behov for rydding og slått av gamal slåttemark i Store Hisdal. Det er ikkje utarbeidd skjøtselsplan for dette arealet. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 15.000 pr år. Grunneigar er oppmoda om å søke midlar gjennom anna ordning hjå fylkesmannen.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2020. Miljødirektoratet er i sitt strateginotat klare på at nye langvarige skjøtselstiltak normalt ikkje bør startast opp.

31. Oppsetting av informasjonsskilt, Øvre Moen, Dyråheio, Suldal kommune

Suldal kommune har spelt inn eit ønskje om oppsetting av eit informasjonsskilt ved Øvre Moen. Staden er peika ut som eit frittstående informasjonspunkt i besøksstrategien. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 30 000.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2021. Sekretariatet har ikkje kapasitet til å gjennomføre tiltaket i 2021. Oppsetting av informasjonsskilt ved dei frittstående informasjonspunkta kan vurderast som eit aktuelt tiltak i 2022.

32. Elektronisk informasjonstavle, Nesflaten, Dyråheio, Suldal kommune

Suldal kommune har spelt inn eit ønskje om oppsetting av ei elektronisk informasjonstavle på Nesflaten. Staden er nemnt i besøksstrategien som ei av dei eksisterande utstillingane som skal vidareutviklast. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 80 000.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2021. Det har vist seg svært vanskeleg å få midlar til både etablering og drift av slike elektroniske tavler frå Miljødirektoratet. Ein er derfor skeptisk til å få ansvaret for fleire slike tavler. Vidareutvikling av utstillinga på Nesflaten må vurderast fortløpande, og det er truleg andre tiltak som bør prioriterast før ei elektronisk informasjonstavle.

33. Kartbrosjyre Vormedalsheia og Lusaheia, Hjelmeland kommune

I samband med utarbeiding av kart over verneområda til informasjonsskilta, ønskjer Hjelmeland kommune og utarbeide ei kartbrosjyre i tillegg. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 10.000.

Sekretariatet meiner at behovet for ei kartbrosjyre vil bli mindre når informasjonsskilta i Hjelmeland og kartbrosjyra for heile SVR kjem på plass i 2021.



Innmelding av bestilling av tjenester av SNO i 2021

Sekretariatet har hatt eit bestillingsmøte med lokalt SNO om kva for verksemd som bør prioriterast i 2021. Med bakgrunn i desse innspela, pågåande arbeid i verneområdet og eigne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tenester vi ønskjer frå SNO i 2021.

Oppdrag	Verneområde	Bakgrunn
Tilsyn/kontroll		
Kontroll og registrering av større byggetiltak	Alle	Kontroll av alle nye byggeløyve av eit visst omfang SVR lager oversikt over tiltak etter 2017 og skisse til fordeling av kontroll mellom SNO og SVR
Kontroll av arrangementet Heliboogie ved Kjerag 23-26. juni	Frafjordheiane	Arrangement vart meldt til politiet i 2018 og 2020
Kontroll av motorferdsel og oppkøyringstider for Sesilåmi/Hovden Tour	SVR og Hovden	Viktig for villreinen at dispensasjonane blir følgt
Kontroll av kjentmannsturar	SVR	Ny dispensasjonar blir gitt i 2021
Kontroll av motorferdsel i sørområdet	SVR	Vi har fått rapportar om ulovleg motorferdsel og tidlegare kontrollar har avdekket ulovleg motorferdsel
Kontroll av ATV løyver i Hægebostad	SVR	Køyresleper må kontrollerast
Vernegrense Vestli dam, Stikil, Åseral	SVR	Uklart i naturbase/vernekart om kor grensa går
Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)		
Oppsetting av nye løveskilt	SVR, Frafjordheiane	Skilt manglar fleire stader mellom anna ved Knaben og Skjå
Utplassering av bilteljar på anleggsvegen til Skreivasskleivane	Dyraheio	Rapportar om auke i biltrafikken
Utplassering av bil teljar på anleggsvegen i Flatstøldalen	SVR	Kjenner ikkje omfanget av biltrafikken
Overvaking og utplassering av ferdsteljar veggen til Store Urar	SVR	Overvaking av effektane av nytt bomregime
Oppsetting av informasjonsskilt fleire stader	Alle	Iverksetting av besøksstrategien
Ferdsteljing i skiløyper Sloaros og Berdalsbu	SVR, Hovden	Skaffe oversikt over mykje brukte skiløyper
Oversikt over ferdselsdata	Alle	Hjelp til å finne fram gamle ferdselsdata
Kartlegging/registrering/overvaking (inkludert bevaringsmål)		
Kontroll av status for rovfugllokaliteter	SVR	Sårbare hekkelokalitetar må overvakast SVR/SNO lager oversikt, samt skisse til fordeling av kontroll
Naturvegledning/informasjon		
Orienteringar til verneområdestyret på styremøte		
Delta på verneområdestyret sine synfaringar		
Orienteringar på opne informasjonsmøte		
Deltaking på møte og synfaringar i tilsynsutvala		

AU 42/20 Eventuelt